



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6357 - 14/19734

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
01.09.2014

Byggesak - gbnr 137/598 Alver - ferdigattest seksjon 2

FERDIGATTEST

etter plan og bygningslova § 99 nr. 2 og 3.

Det vert vist til søknad om ferdigattest, motteken 01.09.2014 og til løyve til tiltak datert 26.06.2002. På den tida var det vanleg å skriva ut ein ferdigattest pr seksjon og ikkje pr bygning som i dag. Seksjon 1 fekk ferdigattest 30.04.2003. Det vart ikkje søkt om ferdiattest for seksjon nr 2, før no i samband med eigarskifte.

Delegert vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova

1. Med heimel i plan- og bygningslova av 1985 §§ 93, 93b, 97, 98 og 98a, vert Seim Bygg AS godkjent som nytt ansvarleg føretak for godkjeningsområda SØK 040.1, SAM 040.1 og UTF/KUT 210.2 for oppføring av del av tomannsbustad.
2. I samsvar med plan- og bygningslova av 1985 § 99 vert det her gjeve ferdigattest for tiltaket.

Spesifikasjon

Byggestad: Alver. Gbnr 137/598 seksj.2 Bygningsnummer 19239918
Type tiltak: Del av vertikaldelt tomannsbustad
Vedtak: Delegert sak handsama 26.06.2002
Ansvarleg søker: Villanger & Sønner AS / Seim Bygg AS
Tiltakshavar: Seim Bygg AS

- Ferdigattesten er gjeven etter byggereglane som var gjeldande då søknaden om byggeløyve vart godkjent.
- Ferdigattest vert gjeven på grunnlag av kontrollerklaeringar frå grunntreprenør og røyrleggar frå opprinneleg sak, og frå Seim Bygg AS som nytt ansvarleg føretak

- Ferdigattest er ikkje ei stadfesting av den tekniske kvalitet på bygget, men stadfesting av bygningsstyresmaktene si avslutting av saka.

Klage

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningslova § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
NGIR

Mottakarar:
Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM